

Oversikt over Knut Hamres verksemd som kunstar og pedagog sidan 1960-talet og fram til 2016.

Knut Hamre er ålment sedd på som ikkje mindre enn ein av dei fremste folkemusikarane i norsk musikkhistorie.

Han er oppvaksen i Granvin herad og har vikt heile sitt liv til folkemusikktradisjonen frå Hardanger, som spelemann og lærermeister. Denne musikkarven tileigna han seg på tradisjonelt vis, gjennom å læra av dei på den tid beste spelemenn i Hardanger, og han har sidan, i femti år, delt arven generøst vidare til mange born og unge, og til eit stort publikum i inn- og utland.

I dag er han utan tvil den fremste kjennar av Hardanger-tradisjonen i folkemusikken, og den einaste som i dag kjenner til heile tradisjonen med det enorme repertoaret sitt på 500-600 slåttar.

Knut Hamre har delteke på mange landskappleikar, og sidan 1960-talet har han sjeldan vore anna enn mellom dei tre beste på kappleikar, og han har vunne landskappleiken i A-klassen for hardingfele heile sju gonger.

Hamre har halde tallause konsertar i Noreg og i mange andre land sidan 1970-talet. Han har gjeve ut ei rekkje CD-ar, motteke mange prisar og samarbeidd med mange ulike kunstnarar på tvers av musikalske sjangrar.

I tillegg til å vera ein av våre fremste kunstnarar, har han i alle år hatt ein enorm arbeidskapasitet og vikt meir enn dei fleste av si tid til opplæring av unge felespelarar. Det er takk vere Knut Hamre at det har kome til så mange unge folkemusikarar i Hardanger dei siste tiåra. Mange av elevane hans er sedde på som å vera mellom dei fremste folkemusikarar i dagsens Noreg.

Knut Hamre er ein sjeldan kunstnar som ikkje berre tek vare på tradisjonen på framifrå vis, men samstundes ein som gjennom kunstnarleg fridom, varme og dâm tilfører tradisjonen kvalitetar som gjer at den kommuniserer på tvers av musikalske sjangrar, språk og land. Han klarer såleis å gjera det lokale universelt. Dette gjer Knut Hamre til ein tradisjonsberar av beste slag – ein felepoet som nøysamt tek vare på det gamle og samstundes legg til sitt eige personlege uttrykk og slik yter sitt til at musikken vert til livs levande tradisjon.

Læretida

Knut Hamre har tileigna seg sin kunnskap på gamalt vis i ein lang og gjæv meister og elev-tradisjon. Denne lina går i Granvin attende til tideleg 1700-talet og fram til Knut Hamre i dag. Før i tida var det mange spelemenn i Hardanger, men i Knut Hamres generasjon var han den einaste som førde tradisjonen vidare.

Det byrja i 1964 då Knut Hamre som tolv-åring tok til å gå i læra hjå meisterspelemannen Anders Kjerland (1910-1989) frå Granvin. Hamre synte tideleg eit sjeldsynt talent på hardingfele og markerte seg i svært ung alder gjennom mange sigrar på kappleikar. Alt i 1967 vann han sin fyrste kappleik i

yngste klasse. Sidan, som alt nemnt, har han vunne landskappleiken sju gonger. I 1974 vann han som den yngste i A-klassen for hardingfele på landskappleik nokon gong.

Sidan tidelege tenåra har han oppsøkt mange andre læremeisterar som til dømes Bjarne Herrefoss frå Bø, Eivind Mo frå Seljord, Sigbjørn Bernhoft Osa frå Voss og Lars Skjervheim frå Myrkdalen. Dessutan har han lært mykje av mange samtalar med diktaren Olav H. Hauge frå Ulvik, dei pla møtast ein gong i veka, så sant mogeleg.

Hjå både Hauge, Kjerland og Herrefoss, gjekk Knut Hamre i læra i over tretti år, til dess dei døydde.

Musikaren Knut Hamre

Frå 1970 og til dags dato har Knut Hamre hatt ein svært omfattande og variert yrkeskarriere som hardingfelespelar i inn- og utland. Det har vore tallause turnear for Rikskonsertane, festivaloppdrag, solokonsertar, kappleikar, ulike samarbeidsturnear, CD-produksjonar, uroppføringar av nye samtidskomposisjonar og så bort etter.

Det er særleg hans kvalitetar som solist, med hans særmerkte lyriske uttrykk, som har vore etterspurt på tvers av landegrensar.

Men konsertverksemda hans omfattar òg mange ulike samarbeid med kollegaer frå ulike sjangrar, alt frå diktarane Jon Fosse og Olav H. Hauge til skodespelar Hildegun Riise, jazzmusikarane Nils Økland, Finnerud Trio, Steve Tibbetts og Marc Anderson, klassiske utøvarar som Leif Ove Andsnes, Geir Botnen, Arve Tellefsen, Håvard Gimse, og folkemusikarar som til dømes Bjarne Herrefoss, Halvard T. Bjørgum, Berit Opheim og Reidun Horvei.

På nittitalet nytta Utanriksdepartementet Knut Hamre ofte som representant for norsk tradisjonsmusikk på ymse arrangement, og i samband med dette vitja han land som Libanon, Israel, Palestina, Litauen,

Irland, England og Beograd. I åra mellom 1993 og 1995 var Hamre særleg nytta i den offentlege satsinga på å fremja norsk kultur i Tyskland. Knut Hamre har også i andre samanhengar spela i ei lang rekkje land, til dømes i USA, Russland, Japan, Italia, Sverige, Island, Skottland, Holland, Irland, Finland, Litauen og Danmark.

Mellom 1984 og 1993 var Knut Hamre tilsett ved Hardanger og Voss museum

som folkemusikkarkivar. Han gjorde då eit svært viktig arbeid med å samla inn materiale frå levande kjelder i Hardanger. Få har til liks med Hamre sin uendeleg kunnskapstrong og lidenskap, samla inn så mykje viktig materiale til arkivet som det han gjorde i denne tida. I tillegg sytte han for utgjevingar med særmerkt vokal- og hardingfelemusikk frå regionen: Den kvitrande fuglen (1986), Halldor Meland (1987) og Ole O. Fykse (1989).

Mellom 1991 og 1994 var Knut Hamre tilsett som fylkesmusikar i Hordaland

fylkeskommune.

Knut Hamre hadde Statens 3-årige Arbeidsstipend frå 1993 og til 1996. Då spela han mellom anna inn CD-en Fargespel som har vorte ein klassikar mellom utgjevingar av hardingfelemusikk. Fargespel vart elles nominert til Spelemannsprisen.

Sidan 2005 har Knut Hamre også vore ein viktig pådrivar i å formidla kunnskap om dei eldste hardingfelene frå Hardanger og Noreg, dei fyrste går attende til 16- og 1700-talet. Særleg merksemd fekk utgjevinga Rosa i botnen (2006), der han i samarbeid med felespelar Benedicte Maurseth gjorde innspelningar på dei eldste eksisterande hardingfelene me veit om, til dømes den vidgjetne Jaastad-fela datert 1651 frå Ullensvang herad i Hardanger. På utgjevinga Anima (2012) fekk Knut Hamre også dokumentert den eldste norskbygde fiolinen me har, laga av Trond Isaksen Flatebø frå Kvam herad i 1746.

Både desse prosjekta er pionerarbeid, og har ført til eit større ålment medvit om den eldste hardingfelemakartradisjonen i Hardanger.

Læremeisteren Knut Hamre

I alt 46 år, frå 1970 til dags dato, har Knut Hamre lært svært mange unge til å spela

hardingfele gjennom arbeid i kulturskulen, på kurs og i meisterklassar i heile Noreg.

Hans sjeldne talent som læremeister, og dei særeigne pedagogiske metodane hans, der han ser på seg som ein meister i teneste for eleven, og ikkje omvendt, har vekt åtgang i det pedagogiske miljøet

i Noreg. Mange har oppsøkt han for å forstå kvifor hans arbeid har ført fram til så mange særmerkte talent.

Hamre undervisar med stort perspektiv og kjærleik til faget, og har alltid freista å gje elevane fagleg tyngd

og samstundes gjera tydeleg deira individuelle særdrag. Hamre vert gløddane takksam når hans elevar gjerne spelar annleis, eller betre enn han sjølv.

I 1982 starta Hamre opp med friundervisning på hardingfele i Ulvik. Då eksisterte det ikkje noko anna slikt tilbod i heile Hardanger-regionen. I åra mellom 1985 og 1992 var Knut Hamre tilsett i Granvin og Ullensvang herad som lærar i kulturskulen. Han sette då i 1985 i gang eitt nybrotsarbeid; som den fyrste i Noreg som fekk hardingfela inn som eit av instrumenttilboda for born i kulturskulen.

Frå 1994 og til 2016 har Knut Hamre arbeidd vidare som lærar i kulturskulen. I 2016 går Knut Hamre av med pensjon. Då har han arbeidd med undervisning for Granvin og Ullensvang herad i totalt 29 år. Han har også sidan tideleg 1970-talet og fram til i dag vore ein iherdig og uerstatteleg pådrivar i opplæringsarbeid for medlemmer i Hardanger Spelemannslag og i Hardanger juniorspelemannslag.

Anna pedagogisk verksemd

I 2013 tok Knut Hamre initiativ til byrja med med Masterclass Hardanger, eit landsdekkjande undervisningstilbod for vidarekomne ungdomar og vaksne på hardingfele. Hovudtanken til Hamre har vore å gje eit tilbod i gamal meister og elev-tradisjon. Som Knut Hamre sjølv seier det:

«Meister og elev-tradisjonen handlar ikkje om eksamen og avslutningar. Å læra faget hardingfele, varar liver ut.» Ordninga har sidan vorte årleg, og ein stor suksess med langt fleire søkjarar enn det er plass til.

I 2015 har Knut Hamre også initiert Talentskulen Hardanger. Eit spesialtilbod til

unge talentfulle elvar frå Hardanger som omfattar enkelttimar og felles samlingar for desse handplukka talenta. Hamre har som vanleg vanskar med å avgrensa tal på elevar som søker.

Mellom 2005 og 2016 har Knut Hamre også arbeidd med Internasjonal Masterclass. I den samanheng har det kome elevar frå både USA, England, Skottland og Japan til Hardanger.

Knut Hamre har også vore gjestelærer ved Ole Bull Akademiet, Grieg Akademiet,

Høgskolen i Telemark (Raulands Akademiet), Norges Musikkhøyskole, Sibelius Akademiet i Finland og Kungliga Musikhögskolan i Stockholm.

Dugnadsånd og frivillig arbeid

Knut Hamre er uvanleg generøs med tida si, og delar raust av seg som menneske utan atterhald.

Undervisningsdagen hans har sjeldan slutta når den eigentleg skulle. I staden flytta han sine fremste elevar til sist, og arbeidde vidare med desse. Hamre har såleis gjeve tallause gratis undervisningstimar til mange av sine elevar, og andre som har vitja han heime privat heilt sidan slutten av 1970-talet. Særleg på 1980-talet var det stadig elevar innom heimen hans, mange nærmast budde der for å få læra mest mogeleg. Men framleis ringjer det folk dagleg som vil vitja den store meisteren.

Hamre har også køyrd både seg sjølv, ungar og ungdomar i bil over fjella på tallause kappleikar over heile Noreg; stemt feler, støtta og oppmoda unge og vaksne, spelt sjølv, leia samspel med spelemannslaget og så bort etter. Sidan 1970-talet har han gjort ein enormt innsats for Hardanger Spelemannslag, vore i styret i mange år, og vore nestleiar i 1974 og i 1982. Han i verksett mange konsertar, kurs og kappleikar.

Hamre har også ein teft for å sjå talent i all slags kreative folk, og har også initiert felemakarverkstaden på Utne Folkemuseum på tideleg 1990-talet, og i verksette felemakar Olav Vindal i si tid. Verkstaden er framleis i bruk i dag. Han har også inspirert mange kvedarar, «mata dei» med gamle opptak frå arkivet, og satt i gang fleire kvedarkurs, seinast i 2015 med kvedaren Berit Opheim. Han stod også bak bokutgjevinga Kvitrande Fuglen, i samarbeid med Hardanger Folkemusikksamling på Utne i 1986. Denne utgjevinga har ført til at mange byrja å kveda, og fleire av desse er framleis aktive utøvarar i dag i inn- og utland.

Alle plateprosjekt der Knut Hamre sine elevar medverkar, er også initiert og i gangsett av Hamre sjølv. Å ta med sine elevar i slike samanhengar, heng nøye saman med hans pedagogiske metodar. Han har også invitert dei til å halde konsertar saman med seg, i inn og utland, og bruka somme til å vera vikar i undervisningssamanheng.

I over 50 år har Knut Hamre stått på for folkemusikken frå Hardanger. Hamres arbeidskapasitet har også eit like stort hjarte; som inkluderer og gjev folk sjølvkjensle. Han sett i gang seg sjølv, andre og prosjekter – alltid til gode for allmugen. Knut Hamre er eit sjeldan menneske.

Knut Hamre har sidan 1980 vore solist og medverka i ei rekkje utgjevingar:

* Nøringen (LP), Leif Rygg og Knut Hamre, Heilo/Grappa Musikkforlag AS, 1980

* Slik spelar Knut (MC), solo, Spelarhaugen, 1984

* Norwegian folk songs and peasant dances from op. 66 og Op. 72, Geir Botnen, Reidun Horvei og Knut Hamre, Simax, 1993

* Fargespel, solo, Heilo/Grappa, 1994, (nominert til Spelemansprisen)

* Toneflaum, Hallvard T. Bjørgum, Bjarne Herrefoss, Knut Hamre, SYLVCD, 1998 (vinnar av Spelemansprisen)

* Å, Knut Hamre, Steve Tibbetts, Marc Anderson og Turid Spildo, Hannibal Records, 1999

* Håstabøslåttar, Knut Hamre, Åse Teigland, Frank Rolland, Heilo/Grappa, 1999 (nominert til Spelemansprisen)

* I Halldors ånd, Trio Hardanger, 2L, 2003

* Rosa i botnen, Knut Hamre, Benedicte Maurseth, Nils Økland, Sigbjørn Apeland og Håkon Stene, Heilo/Grappa, 2006

* Ferd, solo Knut Hamre, Heilo /Grappa, 2010

* Eg ser deg, Knut Hamre, Turid Spildo og Johannes Martens, Ta:lik, 2011

* Anima, Knut Hamre, Benedicte Maurseth, Nils Økland, Philippe Pierlot og Elisabeth Seitz, Heilo/Grappa, 2012 (nominert til Folkelarmprisen i Open klasse)

* Spelarhola, Knut Hamre, Åse Teigland, Alexander Røystrand, Ta:lik, 2013

(Vann Folkelarmprisen for beste dokumentasjonsplate)

Utgjevingar der Knut Hamre har bidrege med har alltid og utan unntak, motteke strålande kritikkar og tilbakemeldingar frå norsk og utanlandsk presse. Fleire av utgjevingane har blitt nominert eller vunne viktige anerkjennande prisar som Folkelarmprisen og Spelemannsprisen.

Knut Hamre har også medverka i ei mengd radio- og TV-opptak sidan 1970-talet. Til dømes

gjorde NRK i 2015 eit eige portrettprogram med Knut Hamre med tittelen

Felefrelost.

I 2014 kom også samtaleboka Å vera ingenting. Samtalar med Spelemannen Knut Hamre, ut på Det Norske Samlaget.

Boka er skriven av hans mangeårige elev Benedicte Maurseth, og gjennom fagelege samtalar mellom meister og elev, vert Hamre si verksemd som kunstnar og læreresiter dokumentert.

Boka vart av Dagbladet kåra til ein av «Årets beste bøker» i 2014.

Prisar tildelt Knut Hamre opp gjennom åra:

* Kongepokal, 1981

* Myllargutprisen, 1986

* Sparebankenes Initiativpris, 1988

* Sagaprisen, 1992

* Edvard Grieg-prisen, 1993

* Spelemannsprisen, for Toneflaum, 1998

* Hilmar Alexandersens minnepris, 1993

* Statens treårige arbeidsstipend, 1993–1996

* Anders Kjerlands minnepris, 2000

* Heidersmedlem i Hardanger Spelemannslag, 2000

* Heidersmedlem i Landslaget for Spelemenn, 2004

* Folkelarmprisen for utgjevinga Spelarhola, 2014

Landskappleiksigrar i A klassa:

* 1974, Oppdal

* 1978, Fagernes

* 1981, Oslo

* 1984, Odda

* 1985, Otta

* 1987, Sogndal

* 2000, Voss